

## **Venelaget Olav H. Hauge. Melding om verksemda 2016 – 2018**

Desse har vore med i styret:

Olav Ljones, leiar  
Marit Hafting  
Astrid Kløve-Graue  
Sjur Tjelmeland  
Magne Velure  
*Varamedlemmar:*  
Torbjørg Austrud  
Grete Skarpeid

### **Talet på medlemmar og innkrevjing av medlemspengar**

I meldinga om verksemda for 2014 – 2016 som vart lagd fram på årsmøtet 2016, var det opplyst at talet på betalte medlemskap pr 1. august 2016 var 267.

Per 18. august 2018 har 243 medlemmar betalt lagspengar for 2018. I starten av juni var talet på betalande ikkje større enn 49.

Venelaget har dei to siste åra freista å få inn medlemspengane med hjelp av annonse i venelagsheftet og oppmoding på Facebook-sida. Utviklinga i talet på betalande medlemmar syner at dette ikkje har verka tilfredsstillande. Styret har i 2017 og 2018 sendt ut papirutgåva av medlemsheftet med betalingspåminning som innlegg til dei som ikkje har betalt. Dette har gitt betring, men ikkje fullt ut og er arbeidskrevjande. Mykje kan tala for at styret ser etter ordningar som kan letta og betra innkrevjinga.

### **Kontakt med medlemmane**

Medlemmane får papirutgåve av Venelagsheftet og lågare billettpris på arrangement. Tilgang til heimesida Venelagethauge.no er fri og open for alle. Styret har ikkje fått tilgang til tal for vitjingar på heimesida venelagethauge.no. Om framtida for heimesida – sjå eiga sak på saklista for årsmøtet. Open tilgang er det òg i praksis for Facebooksida. dei som søker medlemskap på Facebook-sida treng ikkje vera betalande medlemmar av Venelaget.

Talet på medlemmar på Facebook (ca. 1600 medlemmar) syner at det er stor interesse for å vera med i det uforpliktande Facebook-miljøet.

### **Styremøte**

Venelaget har hatt fire styremøte i Ulvik og på Voss og tre telefonmøte.

E-postutveksling er òg ei mykje brukt arbeidsform.

### **Venelagsheftet**

Målet med venelagsheftet er å formidla kunnskap om diktinga til Olav H. Hauge på ein enkel og tilgjengeleg måte. Sjur Tjelmeland har vore redaktør for venelagsheftet i denne to-årsbolken. Det har kome ut to hefte i året, til saman fire hefte. Kvart hefte er på godt 30 sider. Utforminga av heftet har vore den same i mange år, og ein vil no vurderer å endra utsjånad.

Mange har skrive i Venelagsheftet, og fleire har hatt meir enn eitt bidrag.

Klaus Anders  
Steinar Bergo  
Willy Dahl  
Elisabet Vallevik Engelstad  
Johannes Gjeråker  
Stein Arnold Hevrøy  
Aslak T. Helleve  
Randi Jåstad  
Per Olav Kaldestad

Olav Ljones  
Torbjørn Ljones  
Trygve Skanding  
Arne Skjerven  
Idar Stegane  
Sjur Tjelmeland  
Magne Velure  
Einar Økland

I mange av artiklane er det tatt med dikt av Olav H. Hauge. Varierte artiklar er eit mål for redaksjonen. Papirutgåva har hatt same utsjånad heile tida. Elektronisk utgåve vert lagt ut på heimesida ei stund etter at papirutgåva vert send ut.

### **Facebook-sida og Mitt Hauge-dikt**

Det er til saman over 1600 medlemmar på Facebook-sida Venelaget Olav H. Hauge. Sidan mars 2017 har interesserte kunna skriva om eit Hauge-dikt som betyr, eller har betydd, noko spesielt for dei. Til no har nær 30 personar skrive om sine Hauge-dikt på Facebook-sida. Somme av bidraga er publiserte i venelagsheftet.

Det er òg mange som følgjer Facebook-sida der eit nytt Hauge-dikt vert lagt ut kvar dag. Ansvar for denne sida har den amerikanske professoren Jackson Crawford.

### **Møte og arrangement**

Venelaget var med og skipa til eit møte på Voss Bibliotek 31.10. 2017. Einar Økland og Leif Rygg stod for det kunstnarlege programmet.

Styret hadde eit ønskje å få til eit treff slik at medlemmane kunne knyta kontakt med kvarandre. Styret planla difor eit hausttreff i Ulvik hausten 2017. Innhaldet skulle vera omvising og kunstnarleg program saman med sosialt treff. Det vart avlyst grunna liten oppslutnad.

Venelaget valde at programmet for den bolken av Poesifestivalen som venelaget har ansvar for i 2018, skulle leggjast til Rossvoll og inkludera Hauge-dikt med tonefylgje .

### **Deltaking i styre og stell**

Olav Ljones er Venelaget sin representant i Haugestiftinga. Det er no sikra elektronisk tilgang til lista over boktitlar i boksamlinga etter Olav H Hauge.

Oslo, 18. august 2018

For styret

Olav Ljones  
styreleiar